

INNSPEL TIL OPPSTART AV ARBEID MED NY FORVALTNINGSPLAN FOR VERNEOMRÅDA PÅ HARDANGERVIDDA

Bjoreidalen Nordre (BN) , Ha 22 i Eidfjord kommune er eit 63 000m² stort privat område, og grensar til bl.a Eidfjord Statsallmenning.

BN er positive til arbeid mot ny forvaltingsplan og ser behovet for endringar i lovverket då mykje har endra seg sidan 2011 . Både trafikk og anna aktivitet har auka. Vedrørande motorisert ferdsel vil me påpeike at det er køyring på barmark med bil som har auka. På snø er det heller auke av menneskeleg aktivitet som kiting og hundespannkøyring.

Totalt sett er Bjoreidalen Nordre eit av dei mest utsette områda trafikkmessig. Me har Rv7 som går ca 6 km aust – vest, og den rundt 12 km lange Tinnhølvegen der mesteparten av strekninga går gjennom vårt terreng.

Villreinen er drege fram som ein viktig faktor for å redusere ferdsel. Me er ikkje uenige i det, men meiner ein og må sjå på omsyn til anna vilt, natur og tradisjonell menneskeleg bruk.

Nokon stader er belastninga på natur og vilt alt for stor i dag, og det bør gjerast tiltak for å redusere ferdsel i desse områda. Tinnhølvegen med omkringliggjande område er eit eksempel på dette. Me meiner Eidfjord kommune i dag viser liten interesse i å redusere trafikken på Tinnhølvegen. Dei har til i dag gjort enkle forsøk på å begrense telting og parkering langs vegen. Informasjon om begrensinga heng i små plakartformat. Ingen offentleg skilting . I tillegg er det tilrettelagt med stor, utvida parkeringsplass på Tinnhølen.

Trafikken inn i «hjerte av Hardangervidda» er fortsatt høg, og me meiner det her lett kan lagast restriksjonar på tilkomst og heller fordele trafikk og folk ut i eit mindre sårbart område.

For bygdene og rettighetshavarane på Hardangervidda er det svært viktig at vidda med dens ressursar vert teke vare på slik at tradisjonen for jakt, fiske, beitedyr og rekreasjon kan fortsetje. Det må vera forskjell på turist og rettighetshavar om vidda og viltet skal forvaltast på ein god måte og ikkje slitast ned. Rettighetshavarar kring vidda sin bruk / ferdsel utgjer 3 % av all bruk/ferdsel på vidda. Det er ikkje mykje.

Langs og nær Rv7 har Statens vegvesen i dag hand om fleire utkøyringar/parkeringsplassar. Nokre av desse ligg på BN sitt område. Her ser me ein stor auke i bobiltrafikk og camping. Det er ikkje tilrettelagt for camping, og heller ikkje offentlege toalett . Dette gjev slitasje på områda, og forsøpling der og i områda rundt. Spesielt i nærleiken av fiskevatn er dette eit aukande problem som bør gjerast noko med.

I prosjektgruppa må det vera fleire medlemar frå bygdene. Hardangervidda er stor, og dei ulike fylka har brukt vidda ulikt. Eigedomssstrukturen er og veldig ulik, noko som gjer det vanskelig for dei ulike å setje seg inn i kvarandre sine rettar og bruk. Leiarane i Tilsynsutvala er sett i styringsgruppa , desse set inne med mykje kunnskap og burde site i prosjektgruppa. Men andre personar frå kvart fylke / fjellstyre / grunneigarlag kan veljast.

Med vennleg helsing

Bjoreidalen Nordre Sa

23.10.2024

Marita Meling Garen, leiar

